



RUSTOM

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Rustom ligg ovanfor Vetleseter i Nordherad. Ole Amundsen Vetleseter var den fyrste som starta i Rustom, men han bytte med syskjenbarnet John Visdal som hadde starta på Flåten.

John Olsen Visdal 1809-1882 var i 1865 brukar i Rustom, og i 1872 har det vorte ordna festekontrakt til han på Rustom i Nordherad statsalmenning. John vart i 1834 gift med Ingebor Olsdotter Svareplassen 1808-1885, dei er nemnde på Visdal til 1841 og i Ulsbustugu 1844-1854, så det må vera etter dette at dei starta i Rustom. John og Ingebor hadde barna

Mari f. 1832

Rønnaug f. 1834, gift med Ole Olsen ø. Sveum f. 1831

Ole 1838-1922, neste brukar

Barbra f. 1841

Guri f. 1844, utflytta til Rennebu 1862

Anne 1844-1846

John f. 1848, utflytta til Eids prestegjeld i 1871

Anne f. 1851

Mari f. 1853

Kari f. 1854, utflytta til Rennebu i 1871

I 1875 er Ole Johnsen oppgjeve som brukar av plassen, medan faren er oppgjeve i 1878. I 1884 har Ole Johnsen fått fornya festekontrakt. Ole Johnsen var i 1865 nemnd som vegarbeidar og i 1875 dreiv han med tømmerarbeid i tillegg til bruket. Han vart 1861 gift med Ingebjør Olsdotter Ulmo 1830-1916 frå Lom, dei hadde barna

Anne f. 1861

*John 1863-1958, neste brukar
Ole 1867-1867
Mari f. 1868, til Amerika
Ole f. 1870, til Stoughton i USA i 1891*

Ola Rustom døydde 1922. Sonen Jo var i Amerika, men kom heim att da mora døydde. Jo som var treskjærar overtok bruket, og i 1923 vart Rustom skyldsett som gnr. 78 bnr. 7. Jo Rustom fekk kongeleg skjøte for kr 1500,-. Etter at han ikkje kunne stelle seg sjølv flytte Jo til Vetleseter og kom seinare til gamleheimen.

I 1934 vart Rustom overskjøta frå Jo Rustom til Magnus Ø. Lilleseter og har vore drivi saman med Vetleseter. Helene Hovden fødd 1981 fekk i 1983 Rustom frå Magnus Vetleseter, Helene er sonedottera til eigaren av Vetleseter.

I 1875 var det i Rustom 2 kyr, 2 kalvar, 2 sauer og 5 geit, medan dei sådde $\frac{3}{4}$ tønne bygg og 1 tønne poteter.

*Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 – 1997
J.Kolden 2000: Bygdebok for Lom 1, s. 306
Folketelling 1865, 1875, 1900
Panteregister/grunnbok
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Utskrifter festekontrakter
Gudbrandsdalkommisjonens indberetning 1882
Ragnhild Aabakken: munnleg fortald*